

Kulturminnedokumentasjon

Strangehagen 13

VERSJON: 01.07.2021



RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR


DOKUMENTINFORMASJON	
Tittel: Kulturminnedokumentasjon. Strangehagen 13, Bergen kommune	Dato: 01.07. 2021
	Versjon: 01.07.2021
Forfatter: Oddhild Dokset Engedal	Rapportnr:
Referanse: Engedal, O. D. 2021: Kulturminnedokumentasjon. Strangehagen 13, Bergen kommune. <i>Rådgjevande Arkeologar. Rapport 2021.</i>	
Oppdragsgjevar: Helge Larsen	Kontaktperson oppdragsgjevar: Helge Larsen
Samandrag:	
Framsidedokumentasjon: Strangehagen 13, sett frå Haugeveien.	
Produsert av: RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR ANS 6953 Leirvik i Sogn Tlf. 91329417 / 95882320 E-post: post@arkeoraad.no Internett: www.arkeoraad.no	

INNHALD

Innhald.....	3
1. Innleiing	4
2. Mål og metode.....	6
3. Området si historie	7
4. Kulturminne og kulturmiljø	9
4.1 KM 1 Gateløp og bebyggelsen i Strangehagen (frå nr 24) og Galgebakken	10
4.2 KM 2 Bebyggelsen nordvest for Vestre Holdbergsallmenning og sør for Haugeveien.	29
4.3 KM 3 Haugeveien	37
5. Vurdering av verknader av tiltaket opp mot kulturhistoriske verdiar	39
5.1 KM 1 Gateløp og bebyggelsen i Strangehagen (frå nr 24) og Galgebakken	41
5.2 KM 2 Bebyggelsen nordvest for Vestre Holdbergsallmenning og sør for Haugeveien.	45
5.3 KM 3 Haugeveien	45
6. Overordna planar og strategiar.	46
7. Oppsummering/ avslutning	47
8. Referansar.....	47
Vedlegg	48

1. INNLEIING


Bakgrunnen for planinitiativet for Strangehagen 13, gnr. 165, brn. 637, er å fortette arealet på eigedomen som ikkje er utbygd, med fire hus i rekkje.



Figur 1. Planområdet omtrentleg markert med raud sirkel. Kart: www.kommunekart.com.

Planområdet ligg innanfor bygrunn med fredningsvern etter kulturminnelova - ASK ID 89049.

Vidare ligg planområde i eit kulturmiljø av nasjonal interesse, markert i NB! registeret, Bergen, Nordnes Syd. Kulturmiljøa i NB! registeret er ikkje verna med juridisk bindande bestemningar, men gjev ei oversikt over kulturmiljø det det bør visast særleg omsyn til kulturminneinteresser.



Figur 2. Skjermklipp frå Askeladden. Rosa linje markerer utstrekninga av det historiske byområdet Bergen Nordnes syd (NB!registeret). Lys rosa farge markerar bygrunn med fredningsvern (ASK ID 89049).

I kommuneplanen sin arealdel (2018) er planområdet innanfor følgjande omsynssoner for kulturminne:

- H730_Båndlegging etter lov om kulturminner
- H570_2 Trehusbebyggelse fra Nordnes til Sydnæs

Eigedomen er innan føremålet «spesialormådebevaring jf. Pbl (1985) §25.6. Formålet med reguleringsplanen (for Nøstet, Verftet, Klostert, Plannr. 7340000) er :

Reguleringsplanens hovedformål er å bevare og videreutvikle det særegne boligområde på vestsida av Nordnes i Bergen sentrum. Bevaring og videreutvikling tar utgangspunkt i bruksmessige, bygningsmessige, antikvariske og andre sosiale og kulturelle verdier. Det er særleg av betydning at planen bidrar til å vedlikehold og videreutvikling av de mange tiltak og anlegg som planprosessen har utviklet i perioden 1982-88».

I kommunedelplan for Bergenhus, KDP sentrum, ligg planområdet innanfor areal avsett til bygge/ bustadområde. I eit av temakartet til kommunedelplanen er området skissert som spesielt verdifull park, hage eller kyrkjegard. Det er likevel presisert at byrom i kartet kan ha ein annan identifisering enn det som går fram av kartet.

I samband med planarbeidet er det utarbeida en kulturminnedokumentasjon. Oddhild Dokset Engedal har utarbeida dokumentasjonen. Det vart gjort synfaring i plan- og influensområdet den 20/4-2021.

2. MÅL OG METODE

Føremålet med kulturminnedokumentasjonen er å dokumentere og kartlegge kulturhistoriske verdiar innanfor plan- og influensområdet. Til slutt vert verknader av tiltaket vurdert i høve til kulturminne og kulturmiljø. Tiltaket vert også vurdert i samanheng med overordna kommunale planar, Riksantikvaren sin bystrategi og Bergen kommune sin kulturminnestrategi.

Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne) definerer **kulturminne** som: «alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til».

Når eit eller fleire kulturminne inngår i ein vidare heilskap eller samanheng, kan ein tale om eit **kulturmiljø**. Vurderingar av kulturhistorie, tidsdjupne, einskilde kulturminne, siktliner og landskap ligg til grunn når eit kulturmiljø vert definert og avgrensa.

Kulturminnedokumentasjonen omfattar både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid. Automatisk freda kulturminne er alle kjende og ukjende kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), ståande bygg og myntar eldre enn 1650, kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år, og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Andre kulturminnekategoriar kan fredast ved spesielle vedtak, og ein nyttar då nemninga vedtaksfreda kulturminne.

Med nyare tids kulturminne meiner ein kulturminne yngre enn 1537 (reformasjonen). I prinsippet finnes ikkje en nedre tidsavgrensning for kulturminne. Nyare tids kulturminne har ikkje automatisk vern. Bergen kommune, ved Byantikvaren, er fagavdeling for lokalt og kommunalt kulturminnevern. Fylkeskommunen har regionalt fagmynde for kulturminnevernfeltet, inkludert Bergen, og har ansvar for dei fleste automatisk freda kulturminna og forvaltning av freda bygningar og anlegg. Riksantikvaren er nasjonalt direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgevar for Klima- og miljødepartementet. Riksantikvaren utredar og vedtek fredingar av bygningar og anlegg og er også myndigheit for forvaltninga av den freda mellomalderbyggrunnen Bergen.

For å kartlegge dei kulturhistoriske verdiane i området er det gjort synfaring i plan- og influensområdet. Vidare byggjer dokumentasjonen på gjennomgang av lokalhistorisk litteratur, kulturminnedatabasen Askeladden, Sefrak- registeret, historiske kart, kartmateriale, historiske flyfoto og eksisterande kulturminnegrunnlag- og dokumentasjonar for nærområdet.

3. OMRÅDET SI HISTORIE

Bergen vaks fram som by frå slutten av 1000- tidleg 1100-talet, og vart Norge sin største by i mellomalderen, først forbigått av Oslo i 1830-åra. Byområdet for Bergen er definert i Magnus Lagabøtes bylov frå 1276. Innanfor dette området gjaldt bylova sine særlege reglar for bebyggelse og regulering, i motsetnad til området utanfor, som høyrte til under Magnus Lagabøtes landslov (1273). I følgje bylova gjekk grensa for byens område opp ytst i Sandviken til Rundemanen, ned i Svartediket og vidare til Mølendalen, ut gjennom Store Lungegårdsvann og Strømmen, vidare i sjøen rundt Nordnespynten og derifrå over til utgangspunktet i Sandviken (Helle 1982:261). Dei tettbygde delane av byen i mellomalderen var lokalisert til austsida av Vågen, dvs. Bryggenområdet og Øvregaten, Vågsbunnen og området langs Vågen til om lag ved Muren. Vestsida av Vågen, Nordneshalvøya, var i all hovudsak prega av religiøse institusjonar, frå Nonneseter kloster i sør, Allehelgenskyrkja med hospital om lag ved dagens rådhuskvarter, St. Johannesklosteret ved dagens Tårnplass, Munkeliv kloster ved dagens opne plass Klosteret. Dessutan hadde erkebiskopen i Nidaros eit anlegg ved Vågen der Nykirken vart bygd på 1600-talet.

Munkeliv kloster

I følgje skriftlege kjelder skal Munkeliv kloster vere grunnlagt av Øystein Magnusson tidleg på 1100-talet. Munkeliv kloster var eit av dei rikaste klostera i Norge i mellomalderen og eigde ei lang rekkje gardar, både innanfor og utanfor byen, så vel som andre stader på Vestlandet. Fram til 1426 høyrde klosteret til benediktinerordenen og var tileigna St. Michael. Etter dette gjekk klosteret over til birgittinaordenen (Lidén og Magerøy 1980:150). Munkeliv kloster hadde sitt hovudområde på Nordnes og Mikaelsskyrkja låg på den opne plassen som i dag vert kalla «Klosteret». Det er i dag ingen synlege restar etter klosteranlegget, men kyrkja vart påvist og utgreven i 1857 og 1860 (ibid). Dei nøyaktige grensene for Munkeliv kloster sine eigedomar er ikkje kjende i detalj, men det meste av Nordneshalvøya var klosteret sin eigedom (Ersland 2011:91).

Klosteret var gjenstand for mykje uro. I 1455 sette hanseatane fyr på kyrkja og klosteret i samband med drapet på høvedsmannen på Bergenhus, Olaf Nilsson og biskop Thorlak, som hadde forskansa seg i tårnet. Etter pålegg frå paven måtte dei byggje opp att klosteret. I 1531 vart klosteret gjeve som gåve til biskopen i Bergen, som erstatning for bispegarden på Holmen. Fram til 1536 fungerte klosteret som bisperesidens, då sette lensherren Thord Rød fyr på kyrkja og anlegget til Munkeliv kloster vart rive (Lidén og Magerøy 1980: 150, Ersland 2011:72). Klosterdrifta vart avvikla ved reformasjonen (1537). Frå no av vart klosteret sitt grunnområde forvalta av kongen ved lensherren i Bergenhus. Denne forvaltninga vart overført til styraren av Manufakturhuset i 1660 (Ersland 2011:177). Les meir om dette under busetnad og næringsliv, s 8.

Sjølvforsyning gjennom hagebruk stod sterkt i den vesteuropeiske klosterrørsla. I følgje regelementa til klostera skulle munkane vere sjølvforsynte med matvarer og dei skulle vere vegetarianarar. Dei dyrka også urter til medisinsk bruk. Med klostervesenet vart såleis kunnskap om hagebruk overført frå Europa til Norge (Byantikvaren 2020:145). Mellom andre Dagfinn Moe hevdar at Munkeliv kloster dreiv hagebruk og hadde urtehagar på Nordnes (2018:53,58,86). Det finst likevel ingen skriftlege, eller arkeologiske, kjelder som dokumenterer dette.

Fredriksberg festning og Galgebakken

Høgdedraget og den ytste delen av Nordnes vart gjort om til festning på 1600- talet, etter å ha vore dominert av kloster og kyrkjelege institusjonar. Bygginga av fortet på Fredriksberg starta i 1665, men stod ikkje ferdig før i 1706. På slutten av 1700-talet var her 4 batteri. Eit stor tal småhus vart rive og grunneigedomane vart inndregne for at eit større område rundt festninga skulle vere ubygd. Dei første anlegga hadde berre lause jordvollar, men mot slutten av 1600-talet byrja ein å byggje steinmurar og anlegget fekk den forma vi kjenner i dag. Fortet var militært til 1904. Etterpå vart fortet nytta som brannstasjon fram til 1926. I perioden 1904- 1985 har det også vore verstasjon på fortet. Sidan 1927 har Nordnæs Bataillon brukt fortet til øving og møter (Byantikvaren i Bergen 1999:6, Vevatne 2019: 29-30).

Galgebakken er bakken frå Strangehagen opp til Haugeveien og markene på sørsida av Fredriksberg festning. Mellom 1500- talet og 1800-talet vart området nytta som avrettingsstad. Siste halshogging skjedde i 1825.



Figur 3. Fredriksberg og øvste del av Galgebakken, skråfoto tatt mot vest (www.1881.no).

Busetnad og næringsliv

Fram til reformasjonen var store delar av Nordnes Munkeliv kloster sin eigedom. Frå 1400-talet er det dokumentasjon på at Munkeliv kloster tok til å leige ut tomter langs Vågen i strandområdet utover Nordneshalvøya. Utbygginga var på tidlegare ubygd grunn og ikkje særleg omfattande i byrjinga, men det vart startpunktet for ei utvikling som la premissane for utbygginga av ein heil bydel (Ersland 2011:85, 178). Heilt frå mellomalderen til vår tid har det vore eit hovudprinsipp at bygrunn vart utparsellert som tomter eller hagar til private mot ei årleg grunnleige. Først gjennom Munkeliv kloster, etter reformasjonen gjennom kongen ved

lensherren av Bergenhus. Denne forvaltninga vart overført til styraren av Manufakturhuset i 1660, og då dette vart oppløyst tidleg på 1800-talet, vart eigedomsretten tilkjent Bergen kommune (ibid). Busetnaden var ikkje styrt av planar, men fekk gro fram der det var trong for tomter. Gjennom lensrekneskapane for Bergenhus frå 1560-åra og utover syner eit stadig aukande tal grunnar innførde som utleigde på Nordnes. Fram til slutten av 1500-talet var likevel denne utviklinga moderat, men ho skaut fart på 1600-talet. Fram mot midten av 1600-talet vart det meste av Nordnes, særleg austsida mot Vågen, utparsellert og tettbygd, medan det ytre området, om lag frå det omsøkte planområdet og vidare nordover, enno for det meste var ubygt (Ersland 2011:176 ff.) Nordnes som ein tettbyggt bydel er dermed resultat av ei etterreformatorisk byutvikling, i hovudsak frå omkring 1600 og fram til eit stykke ut på 1800-talet.

Den dominerande bygningsforma var pakkbodas langs Vågen med hus bak, på same vis som bryggegardane på motsett side, men den sosiale strukturen var mindre einsidig. Busetnaden på Nordnes frå 1600-talet og utover, bestod av trehus i ein- eller to etasjar i alle variantar og storleikar. Kvartala vart tettbygde, men ofte var det plass til små hagar og bakplassar med uthus (Byantikvaren i Bergen 1999:13).

Vestsida av Nordneshalvøya vart busett seinare enn austsida, og husa her var mindre og meir smålåtne. Området vart først utbygd i større skala frå slutten av 1600-talet, men hovudtyngda av utbygging skjer på 1700-talet (Byantikvaren i Bergen 2020:212, Byantikvaren i Bergen 1999: 13).

Det vaks fram industri i området, først reparbane og tobakksspinnerier i Nøstebukten og noko seinare, skipsverftet Georgernes verft, anlagt i 1786. På grunn av verftet etablerte fleire handverkarar seg i området. I 1840 var verftet det største i landet. Verftet klarte ikkje å følgje med i utviklinga frå seglskip til dampbåtar og vart nedlagt i 1905. Dokken vart seinare leigd ut til ulike skipsverft. På byrjinga av 1900-talet var det fleire mindre handverksprega føretak og verksemder i strandsona på vestsida av Nordnes. I 1910 etablerte United Sardines Factories seg i ein tidlegare tekstilfabrikk innan Georgernes Verft- området. Det var den største hermetikkfabrikken i landet og hadde over 1000 arbeidarar og var mellom dei største kvinnearbeidsplassane i Bergen. Ved folketeljinga i 1910 budde det 17 100 bebuarar på Nordnes og det var mellom dei mest tettbudde områda i landet. Busetnaden i dag er omlag 5 300.

Arbeidsplassane og aktiviteten ga grunnlag for oppføring av bustadhus og dermed vaks den karakteristiske småhusbebyggelsen opp, med små hus langs smale smau. Utbygginga var framleis utan ein overordna plan- tilfeldig og sjølvgrodd. Strangehagen 13 sine bygg er frå midten av 1700-talet.

4. KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Der er definert 3 kulturmiljø innanfor plan- og influensområdet. KM 1 er gateløpet og bebyggelsen i Strangehagen (frå nr. 24) og Galgebakken 1 og 3. KM 2 er bebyggelsen nordvest for Vestre Holbergsallmenningen, sør for Haugeveien. KM 3 er Haugeveien. Heile området kan sjåast på som eit overordna kulturmiljø, men er delt opp slik for best å skildre kulturhistoriske verdiar og få fram verknader av tiltaket for dei ulike områda.

4.1 KM 1 GATELØP OG BEBYGGELSEN I STRANGEHAGEN (FRÅ NR 24) OG GALGEBAKKEN



Figur 4. KM 1 markert med raud linje.

Planområdet, Strangehagen 13

Strangehagen 13, består av eit eldre bustadhus og ein hage/ubygd areal. Ut frå grunnbrev i 1790, veit ein at Jacob Gundersen betalte første grunnleige for eigedomen, «Hus med Hauge» (hage), rode 5 nr. 67 (gamal adresse) i 1790:

*Jacob Gundersen eyer Hus med Hauge paa Fredrichs-bergs Festnings Terreterioi Byens 5.te Rode No. 67. Fra Nord til Söer 84 Alen lang. Den syndre brede af Grunden, er fra Öst til West 30 Alen, den nordre brede derimod, er fra Öst til West ikkun 23½ Alen lang. Desforuden hörer ochsaa hertil et lidet Stykke af derover- for liggende Hauge, der er indhegnis til Hauge och hvis Störelse formeddstdets irregularitet ikke noye kan bestemmes. Af samtlig forandførte Grunder til Com-mandantskabet hverd nytt Aar den Summ 1 rd.
Bergen den 10.de August 1790. CMothz (?)*



Figur 5. Biletet syner baksida av våningshuset i Strangehagen 13, samt hagen. Biletet er teke frå Haugeveien. Her ser ein også korleis uthuset/kaggedoen (SEFRAK ID 1201014002) er bygd saman med våningshuset.

Bustadhus SEFRAK id 12010104001- og 2 (samanbygd)

I følgje SEFRAK registeret er bustadhuset frå 1700-talet, 4. kvartal. Huset er såleis meldepliktig i medhald i Kulturminnelova §25. Vidare kan ein lese at, i følgje eigar, huset har vore busett av handverkarar heilt frå byrjinga. Kjellaren husa ein skomakarverkstad i perioden 1937 til 1981, før det ein skreddar. Huset har kjellar under 2/3 av huset, 1 full etasje og ein halv 2. etasje, denne er bygd på seinare, uvisst kva årstal. Huset har to arker, den eine vart heva i 1959. I 1975 vart huset bygd saman med SEFRAK ID 12010104002, eit uthus/kaggedo, i 2. etasje.



Figur 6. Våningsuset sett frå Haugeveien, mot vest. Her ser ein også korleis uthuset/kaggedoen (SEFRAK ID 12010104002) er bygd saman med bustadhuset.

Den gamle adressa til Strangehagen 13 er 5. rode, nr. 67. Følgjande opplysningar om bygningen er registrert i Bergen panteregister (1732-1820):

1778: Jacob Gunnensen står som forsikringstakar av huset i nummer 67 i 5. rode. Det var: «*Et hus av en etasje, verdsatt til 80 rdr, med branntakstnummer 480, og med merknad «No 480. beskadiget den 23 sept. 1780 for 4 rdr».*

1787: Jacob Gunnensen står framleis som forsikringstakar for 5. rode, nr. 67, branntakstnummer var no 461. Huset låg ved «Klostergadens østre side». Et hus på 1. etasje med 5 fag vindauger og 2 omnar. Takstsum 120 Rdr.

1797: Conrad Gundersen står som forsikringstakar for 458 (der identifisert som 5. rode nr. 67). «*Et Huus av 1 Etg. 5 Fag 2 Ovner. Takstsum 100 riksdaler»*

(Opplysningar frå Yngve Nedrebø, Statsarkivet i Bergen).

1801: Syner til skøyte frå 1801, Joh. Gundersens enke, branntaksnummer 458:

(SAB, Byfogd og Byskriver i Bergen, 03/03AdA/L0001: Panteregister nr. A.d.A.1, 1732-1820, s. 82. Brukslenke for sidevisning: <https://www.digitalarkivet.no/tl20070704640084>
Frå Yngve Nedrebø, Statsarkivet i Bergen)

1837: marketenter Diederich Tonne. Brandt NO 458, Matr No 67. «*Et tømret Vaaningshuus en Etage med Qvist, Bord og Steentag. 16 Alen lang 11 Alen dyb, deri 3 Værelser, 3 Kakkellovne, 8 Fag Vinduer, Kiøkken med Skorsteen*». Verdi 450 Spd. Ikkje omtale av tilbygg.

(Opplysning frå Yngve Nedrebø, Statsarkivet i Bergen).

Huset er pussa opp i nyare tid, mellom anna er kledning og vindauger bytta. Kopiar av tidlegare bygningsdetaljer som tannstavsborder på vindauge- og dørgesims er beholdt, samt krysspøstvindauger.



Figur 7. Våningshuset sett mot vest. Nærbilete av tannstavsbord på vindauge.



Figur 8. Fasade mot Strangehagen.

Hage


I grunnbrevet frå 1790 er eigedomen, rode 5, nr 67 skildra med hus og hage, jamfør avskrift frå grunnbrev i 1790 innleiingsvis.



Figur 9. Flyfoto/skråfoto over planområdet, henta frå www.1881.no. Våningshuset ser ein opp til høgre, hagen ved sidan av. Hagen er omtrentleg markert med raud firkant.

Historisk bruk av tomta


Det eldste kjente bevarte prospektet over Bergen er Scholeussticket, frå plansjeverket Civitates Orbis Terrarum, frå kring 1581. Grensa for den tette urbane bebyggelsen er her markert med eit kraftig plankeverk. Bak dette, i bakkant av bebyggelsen, ser ein at det er markert fleire hagar, sjå figur under. Lengst til venstre er Biskopens hage. Biskopen i Bergen fekk i 1531 Munkeliv kloster, som har gjeve namn til plassen som i dag vert kalla «Klosteret» ([www.http://prosjektbryggen.no/bryggenleksikon/scholeussticket/](http://prosjektbryggen.no/bryggenleksikon/scholeussticket/)). Området i framgrunnen var beitemark, der byen sine innbyggjarar kunne la husdyra beite (Ersland 2011:156). Vegen ein ser i framkant kan tenkjast å vere forløparen til Store-, Lille- og Ytre Markvei (Moe 2018:65). Det vil seie at planområdet på slutten av 1500-talet, i følgje Scholeussticket, låg utanfor plankegerdet, i eit område med beitemark. Det er blitt stilt spørsmålsteikn ved kor stor lit ein kan feste til dette sticket, men detaljane i verket har synt seg å vere meir pålitelege enn først trudd (Ersland 2011:141, Bergen byleksikon).



Figur 10. Scholeussticket, det eldste kjente bevarte bilete av Bergen, frå plansjeverket Civitates Orbis Terrarum, frå kring 1580. ([www.http://prosjektbryggen.no/bryggenleksikon/scholeussticket/](http://prosjektbryggen.no/bryggenleksikon/scholeussticket/)).

I 2012 gjorde NIKU ei undersøking i hagen. Undersøkinga vart gjort av A. R. Dunlop ved NIKU distriktskontor Bergen, han har også skrive notatet etter undersøkinga.


På planområdet vart det grave ei L- forma grøft med ei lita gravemaskin. Grøfta er markert med tjukk, svart strek på figur under. Grøfta som gjekk NØ-SV var om lag 6 m lang, grøfta som gjekk parallelt med Stragehagen var om lag 4 m lang. Under den moderne grastorva/hagejorda kom ein rett ned på lysegrå/- grøn morene. Grastorva/hagejorda var om lag 20 cm tjukk i den nordaustre enden og opp til 60 cm tjukk i grøfta som gjekk parallelt med Strangehagen. Det vart registrert teikn til nedgraving på ein stad, men gropa var liten og fylt med hagejord. Av funn vart det gjort keramikk og glas, men alt var moderne og ingen funn vart beholdt. Det vart konkludert med at «tomten virker jomfruelig hva angår tidligere menneskelig aktivitet. Spor eter kålhager (det er et visst belegg for at det har vært kålhager ute på Nordnes) ble ikke funnet» (Dunlop 2012:2) Det er likevel peika på at omfanget av undersøkinga var relativt avgrensa (ibid).




Figur 11. Den svarte l- forma streken syner prøvesjakta under den arkeologiske undersøkinga i 2012 (Dunlop 2012).

Den tette trehusbusetnaden i området vaks fram i løpet av 1700-talet, sjå meir om dette under KM 2. Ut frå historiske kart kan det sjå ut som det har vore hus, og ikkje hage, i det ubygde arealet i planområdet på delar av 1700-talet.

Om ein ser på kart frå 1733- *Plan over Bergen Büe*, laga av Claudius Emanuel Barth, ser ein at han har teikna inn ubeygde areal. Dei ubeygde areala er teikna utan tydeleg struktur og ein har ikkje sikre kjelder for kva dei vart nytta til. Dette kartet syner at planområdet er bygd.




Figur 12. Utsnittet av *Plan over Bergen Bue*, laga av Claudius Emanuel Barth, 1733, syner aktuelt område.



Figur 13. *Plan over Bergen Bue*, laga av Claudius Emanuel Barth, 1733. På kartet er ulike typar hagar markert med ulik signatur.

Reichborn sitt kart frå 1766 syner også mange hageanlegg i dei same områda som kartet over (Barth 1733). Detaljeringsnivået i kartet er noko høgare enn det frå 1733 og kartet syner samanhengande busetnad i planområdet.




Figur 14. Reichborn 1766, utsnitt, syner samanhengande busetnad i planområdet.




Figur 15. Kart frå 1766 (Reichborn).

Kart frå 1771-1772 (Reichborn) er meir detaljert når det kjem til busetnaden, men det er ikkje teikna inn hageanlegg. I planområdet ser ein framleis samanhengande busetnad, no delt i tre delar.



Figur 16. Reichborn 1771-1772, utsnitt. Syner samanhengande bebyggelse, i tre delar, i planområdet.



Figur 17. Kart over Bergen 1771-1772 (Reichborn).

Brannen i 1780

Knappe 10 år etter kartet over vart teikna (Reichborn 1771-1772), den 23/9-1780, braut det ut brann på Nordnes, og kring 40 hus i Stranghaien brann ned. Huset i rode 5, nr 67, No. 480, var skada i brannen. Huset, som då var verdsatt til 80 rdr, vart skada for 4 rdr (Bergen panteregister ved mail Yngve Nedrebø).

Ei mogleg hypotese er at brannen i 1780 førte til at busetnaden, markert på kart på 1700-talet, i planområdet brann ned. I alle fall er det frå no og framover ikkje markert busetnad på tomte, utanom huset som står i dag. Ut frå grunnbrevet i 1790 er det også klart at eigeodomen består av eit hus og hage.

I 1829 er situasjonen i området slik:



Figur 18. Utsnitt: Bergens by nr. 18: Kart over Bergenhus Fæstning, 1829 (skjermklipp frå [bergenskart.no](https://www.bergenskart.no/portal/apps/sites/#/bergenskart/app/7cbe7aafcc204de2b6458e82b21f112d) <https://www.bergenskart.no/portal/apps/sites/#/bergenskart/app/7cbe7aafcc204de2b6458e82b21f112d>).

Den samanhengande busetnaden i dagens planområde er vekke på kartet over. Hageareal er markert med mørk, grå farge. Det er verdt å merkje seg at det ikkje er merkja av hage i planområdet på dette tidspunktet.


I 1848 er situasjonen slik:



Figur 19. Utsnitt frå generalkartet for Bergen, utarbeida av O.P.R. Hoeg i 1848. Syner "hagar" markert med doble linjer og grøn farge. Ut frå kartet kan ein anta at planområdet har opparbeida hage.

På kartet over er bebyggelsesstrukturen lik som i dag. Her er det markert ubebygd areal i planområdet, doble linjer og grøn farge.

Hoppar ein knappe 20 år fram i tid og ser på kart av Artilleriløyntant Peter Handbergs sitt *Kart over Bergen med omegn* frå 1864, eit kart laga med vitjande/ turistar som målgruppe, ser ein fleire større grøntareal i området, også der dagens planområde er.



Figur 20. Utsnitt frå Artilleriløyntant Peter Handbergs sitt Kart over Bergen med omegn frå 1864.

Planområdet- dagens situasjon

I dag framstår Strangehagen 13 som overgrodd med villniss, gras og små tre. Rett til venstre, når ein kjem opp trappa til den opphøgde hageflata, er ein eldre/forfallen treplattung og ein nyare mur (betong/leca). Inne i hageområdet er ein tørmur i naturstein som går parallelt med Strangehagen. I den søraustre enden av tørmuren er ein mindre plattung av heller. Det er også tørmur av naturstein i bakkant av våningshuset. I følgje eigar Helge Larsen er desse murane av nyare dato og truleg sett opp av førre eigar. Jordsmonnet nord for muren synest skrint med berg opp i dagen. Hagen ber preg av å blitt tilført nyare massar for planering (pers. kom. Helge Larsen).

I kommunedelplan for Bergenhushus, KDP sentrum, er planområdet i eit av temakartet skissert som spesielt verdifull park, hage eller kyrkjegard. Det er likevel presisert at byrom i kartet kan ha ein annan identifisering enn det som går fram av kartet. Hagen er IKKJE markert som «Historisk hager og parker» på temakart til høyringsversjon til Kulturminneplan for Bergen. Der er det likevel presisert at kartinnhaldet er under utvikling. Sjå figur nr. 23.



Figur 21. Tørrmur som går parallelt med Strangehagen, truleg oppført av førre eigar.



Figur 22. Tørrmur i naturstein, plattning av heller markert omtrentleg med raud firkant.



Figur 23. Kart over Historiske hagar og parker. Dei lyse grøne felta markerer kulturhistoriske parker, henta frå Bergen kommune anleggsregister, supplert med Byantikvaren sine registreringar (skjermklipp frå bergenskart.no). Hagen i planområdet er ikkje markert med lys grøn farge.

Gateløp


Gateløpet Strangehagen (saman med Verftsbakken) vart etablert på 1700-talet og er av dei eldste gateløpa i kulturmiljøet, saman med Nøstegaten (Byantikvaren i Bergen 1999). Gateløpet er smalt og på deler av nordsida er det ein tørrmur av naturstein. Denne muren er truleg frå slutten av 1800-talet (pers. kom. Helge Larsen).



Figur 24. Strangehagen mot aust, sett frå Galgebakken. Smalt gateløp med tørrmur av naturstein på delar av nordre side av gate.



Figur 25. Strangehagen, gateløpet ved planområdet. Smalt, tørrmur av naturstein går parallelt ved delar av gateløpet. Sett mot nordvest.



Figur 26. Utsnitt frå Kart 3b, Det historiske Bergen. Utvikling av allmenningar og gatestruktur frå 1700-talet som eksisterer i dag (Byantikvaren i Bergen 1999). Lys oransje fare syner gateløp og vegfar frå 1700-talet, raud frå 1600-talet og lilla frå mellomalder.

Bebyggelsen Strangehagen 24- 32 og Galgebakken 1 og 3

Bebyggelsen langs Strangehagen (frå og med nr 24) og Galgebakken er, forutan ein murgard med 4/5 etasjar +loft, trehus med to etasjar + loftetasjar. Dei to eldste bygningane er frå slutten av 1700-talet, dei resterande vart bygd på 1800-talet. Bygningane er velhaldne og har stor grad av autenticitet. Fine bygningsdetaljar som vindauger, dører, gesimser og listverk.



Figur 27. Strangehagen 24- 30 (frå venstre).



Figur 28. Galgebakken 3 og 1 til venstre i biletet, ved sidan av, på rekkja, Strangehagen 23. Murgarden framme til venstre er Strangehagen 32.

Adresse	SEFRAK ID	Datering	Kommentar
Strangehagen 24	12010104003	1700- talet, 3 kvartal	Bustadhus, utvida frå ein til to etasjar i 1854.
Strangehagen 23	12010104008	1800- talet	Bustadhus og posthus, bygd på kring 1953
Strangehagen 26	12010104004	1700- talet, 3 kvartal	Utvida frå eit til to etasjar før 1873.
Strangehagen 28	12010104005	1877	Innvendig ombygging i 1977.
Strangehagen 30	12010104006	1877	
Strangehagen 32	12010104007	kring 1890	Murgard, engelsk hulmur «skorsteinshus»,
Galgebakken 1	12010104009	1876	Bustadhus
Galgebakken 3	12010104010	før 1826	Bustadhus, bygd om i 1888, opphavleg 1 ½ etasje

Oppsummering/ Verdivurdering

Fram til 1600-talet, låg planområdet utanfor den bebygde byen. Det er ingenting i den arkeologiske undersøkinga frå 2012 som tyder på hagen i planområdet har røter tilbake til Munkeliv si nytting av området.

Det synest også rimeleg å hevde at hagen har vore bebygd på delar av 1700-talet. Det er noko usikkerheit knytt til historiske kart som kjeldematerial, men tre ulike kart frå 1700- talet syner busetnad i planområdet. Det er heller ikkje markert hage i området på desse karta.

I 1790 består planområdet av eit våningshus med hage. Det kan tenkjast at den den øvrige busetnaden brann ned i brannen i 1780. På kart frå 1848 og 1868 er det markert ubyggt areal i planområdet. Våningshuset i planområdet er frå slutten av 1700-talet og eit av dei eldre husa i området. Huset er i god teknisk stand og restaurering er gjort med omsyn til opphavlege detaljar som tannstavsbord på vindu- og dør gesims, liggjande panel og krysspostvindauger.

Gateløpet Strangehagen vart etablert på 1700-talet. Bebyggelsen er frå slutten av 1700-talet og fram mot slutten av 1800-talet. Kulturmiljøet framstår som autentisk og eit godt bevart døme på den historiske trehusbebyggelsen i Bergen.

Det er store kulturhistoriske verdiar i kulturmiljøet.


4.2 KM 2 BEBYGGELSEN NORDVEST FOR VESTRE HOLDBERGSALLMENNING OG SØR FOR HAUGEVEIEN



Figur 29. KM 2 markert med raud linje.

Strangehagen

KM 2 har gatenamn som Strangebakken, Strangeplassen, Nedre Strangehagen og Strangebakken. Området er kalla opp etter embetsmannen Jørgen Strange. Han var rådmann kring 1600. Jørgen Strange vart ein halden mann og for å vise status, anla han mellom anna ein hage- Strangehagen. Det er ikkje dokumentert kvar denne hagen vart anlagt. I boka «Byens glemte hager» (2018) syner Dagfinn Moe til ein illustrasjon av slaget på Vågen i 1665 og hevdar det er Strangehagen ein ser i framgrunnen til venstre, sjå figur under.



Figur 30. «T'Stadt Begen in Noorwegen» med illustrasjon av slaget på Vågen i 1665 mellom hollendarar og engelskmenn. Moe hevdar at Strangehagen er synt som inngjerda hageanlegg framme til venstre i biletet (henta frå Moe 2018: 83).

Illustrasjonen syner ein hage som er inngjerda og oppdelt i kvarterar. Nokre tre er teikna inn, kanskje frukttré (Moe 2018:83). Det kan stillast spørsmålsteikn ved tolkinga til Moe og kor stor lit ein kan feste til illustrasjonen. Til dømes er hagen teikna inn rett nedanfor ein bastionfestning. Fredriksberg vart påbyrja i 1665 og stod ikkje ferdig før fleire år seinare. Bastionsfestinga kan truleg ikkje vere Fredriksberg. Då, som no, er det berre ein stupbratt skrent på vestsida av festninga som ikkje gjev rom for noko hage. Om det ikkje er Fredriksberg, kan det mogleg vere anlegg ytst på Nordnes, men i så fall kan ikkje hagen vere Strangehagen.

På eit prospekt over Bergen (ukjent kunstnar) frå kring 1740 er det derimot i området markert ein eigedom som er kalla Strangehagen. I følgje dette prospektet låg då hagen heilt opp til festningsmurane under Fredriksberg. Samstundes er Strangehagen også markert ute i sjøen eit stykke lenger inne. Prospektet syner elles at det er tettbygd der planområdet ligg. Sjå figur under.



Figur 31. Prospekt over Bergen kring 1740 (ukjent kunstnar). Strangehagen er markert med nr 51, like sør for festninga (henta frå Moe 2018:33).

I 1609 vart Stranges stiftelse etablert på eiegenomen som no har adresse Klosterгатen 28, det vil seie sør for Munkeliv Kloster sine ruinar (www.bergenbyarkiv.no).

Bebyggelsen

Bebyggelsen i det definerte kulturmiljøet voks kraftig utover 1700- og 1800-talet og skal sjåast i samband med etableringa av fleire industriverksemder ved sjøen. Nedanfor Fredriksberg vart Georgernes verft etablert i 1786 og fleire av bustadhusa skal vere bygd av arbeidarar som jobba her. Bustadområdet som vaks fram var ein tett og variert trehusbebyggelse utan regulerte gater. Det var tildelt tomt, terreng, vegfar og stiar som vart bestemmande for plassering og storleik på husa. Gater og smug var smale. Området er godt bevart, både med tanke på både bygningar og gateløp, smitt og smau.



Figur 32. Verftssmauet sett mot søraust.



Figur 33. Trangesmauet sett mot sørvest.

I løpet av 1800- talet kom det ei ny bygningslov og ei rekkje forordningar i Bergen med krav til brannsikre fasadar mot hovudgater og allmenningar og etterkvart murtvang frå 1883, i sentrumskjernen. Arkitekturidealet endra seg også, og i mot slutten av 1800-talet vart det reist reine murgardar, samt murforblenda leigegardar i kulturmiljøet, så vel som i resten av bykjernen. Slike murgardar kunne erstatte enkelte trehus som brann eller vart rive og i kulturmiljøet er det fleire døme på den karakteristiske heterogene 1800-tals bebyggelsen der små trehus og smale murhus står side om side. Murhusa som vart reiste var på 4-5 etasjar og vart bygd heilt ut i tomtgrensa. Dei erstatta mindre trehus som hadde stått på same eigedom og er såleis eit døme på fortetting for si tid.



Figur 34. Stor variasjon i bebyggelsen innanfor kulturmiljøet. Den gule murbygningen er Nedre Strangehagen 3, trehuset ved sidan av er Strangehagesmauet 2, ein skimtar også murgarden frå slutten av 1800-talet, Strangehagen 18 ved sidan av trehuset. Framme til venstre, det kvite trehuset, er Strangehagesmauet 3. Gateløpet til høgre i biletet er Nedre Strangehagen.

Kulturmiljøet er i dag prega av mangfald og variasjon i bygningane sin alder, storleik, form, taktekkning og takform. Bygningane er hovudsakleg frå 1700- og 1800- talet, men det er også bygg frå nyare tid, sjå figur 35. Husa har ein varierande skala frå trehus med to til tre etasjar til mur- /murforblenda leigegardar i fire til fem etasjar. Mange av husa har flotte bygningsdetaljar karakteristisk for trehusbebyggelsen i Bergen; vindauger, dører, gesimsar og listverk, anten originale eller seinare kopiar.

Sjølv om kvartala er tettbygde og mange gater er smale og tronge, er det gjort plass til bakgardar og små hagar/grøntareal. Området er også knytt saman av trapper.



Figur 35. Bygningsdetaljar, Strangehagen 30 og 28, både originale og nyare kopiar.



Figur 36. Verftssmauet og Verftsbakken sett frå Nedre Strangehagen, mot aust.



Figur 37. Verftsbakken mot Strangehagen.



Figur 38. Bygningane markert med oransje er nokre av nybygga og større påbygg i kulturmiljøet etter NVK planen. Planområdet er markert med gul stipla linje (figuren er henta frå Arkitektgruppen Cubus a, s 7)



Figur 39. Gule bygningar er «urban trehusbebyggelse klassifisert av Byantikvaren der bærende konstruksjoner i all hovudsak er av treverk. Mange av bygningene har delvis såkalt murforblending og kan utvendig fremstå som murhus». Blå bygningar: « murgårder, og «skorsteinshus» i Bergenshus bydel klassifisert av Byantikvaren, der bærende konstruksjoner hovudsaklig er av murstein. De fleste reist i perioden 1890-1950.» Gule og raude trekantar markerar SEFRAK registrering (raud trekant: meldeplikt KM-lova §25, gul trekant: anna SEFRAK bygg). Kjermtklipp frå bergenskart.no.

Oppsummering/ Verdivurdering

Kulturmiljøet er omfatta av NB! registeret over bygningsmiljø med nasjonal interesse. Det er eit heilskapleg kulturmiljø typisk for det historiske Bergen, ein del av byen sitt særpreg og syner Bergen sin lokale byggeskikk. Bebyggelsen har utvikla seg frå 1600-talet og fram til 1900-talet, og har vakse fram som eit resultat av tildelt tomt, terreng, vegfar og stiar - utan overordna planar.

Mykje av grunnen har vore leigd ut frå 1660 av forvaltaren av Manufakturhuset etter kongeleg forordning. I 1853 vedtok Stortinget at eigedomane Manufakturhuset hadde kravd leige for, skulle overtakast av kommunen som kommunal eigedom. Mykje av utviklinga av området har difor vore styrt meir av eigedomstilhøva enn av regulering og planar.

Bygningane sin alder er frå 1700-talet og fram til i dag. Trehusa varierer frå å ha to-etasje med høg kjellar i mur til heilt små bygningar med berre nokre få rom. Gater og smug er smale. Gateløpa Strangehagen og Verftsbakken vart etablert på 1700- talet.

Det er store kulturhistoriske verdiar i kulturmiljøet.

4.3 KM 3 HAUGEVEIEN



Figur 40. KM 3 er markert med raud linje.

Haugeveien går frå Klosteret til Nordnesbakken, langs kammen på Nordneshalvøya. På 1600-talet vart Klostergata forlenga ut til det nye Fredriksbergsanlegget, og fekk namnet Haugeveien (Byantikvaren 1999:22). Kring 1850 avløyste Haugeveien Ytre Markvei som hovudveg til Fredriksberg festning. I 1805 vart det anlagt reparbane i den nordvestre enden av Haugeveien, denne vart nedlagt i 1916. Strøket vart vedteke regulert i 1891, men utbygginga vart hindra av grunneigaren til reparbana. Etterkvart vaks det likevel opp busetnad langs vegen. Busetnaden vart i stor grad sett opp på område som var nytta som utmark (Bergen byleksikon). Alle husa på austsida av Strangehagen og i Galgebakken nord for Strangehagen 13 har fått ein tilkomst frå Haugeveien via portar i gjerda dei har mot Haugeveien.

Namnet Haugeveien har tradisjonelt sett vore tolka som vegen over haugen eller til haugen. «Hauge» tyde inngjerda område (Falk og Torp 1903:276).



Figur 41. Utsyn mot Puddefjorden frå Haugeveien. Ein ser toppen på taka til Strangehagen 24-32.



Figur 42. Flyfoto over Haugeveien (henta frå 1881).

Oppsummering/ Verdivurdering

Det er store kulturhistoriske verdiar i kulturmiljøet. Haugeveien» frå krysset mot Galgebakken og til Klosteret vert gjerne kalla «alléen» då heile dette strekket er ein svært karakteristisk allé, med ei dobbel trekkkje. Dei siste 170 åra har Haugeveien med, mellom

anna, ei viktig trikkelinje fram til 1945 vore Nordneshalvøya sitt hovudsamband nord-sør. Frå 1930- åra har alléen, saman med parken, Klosterhaugen på austsida av vegen, vore eit viktig tur- og rekreasjonsområde og ein tydeleg «grøn akse».

5. VURDERING AV VERKNADER AV TILTAKET OPP MOT KULTURHISTORISKE VERDIAR

Kort skildring av utbyggingsalternativa

Tiltaket legg opp til fortetting av det ubygde arealet i Strangehagen 13 med fire hus i rekkje, med til saman minst fire einingar. Det er utarbeida to alternativ, for begge er det planlagt å etablere felles hage/grøntareal mellom nybygget og Strangehagen 13, samt plantekassar og bed framfor nybygget.

Dei to alternativ:

1) Alternativ med forplass (senka bebyggelse)



Figur 43. Alternativ med forplass, skjermbilde frå Arkitektgruppen Cubus a: 19

2) Alternativ med bevart mur (heva bebyggelse):



Figur 44. Alternativ med mur (heva bebyggelse) (skjermbilde frå Arkitektgruppen Cubus b:19).

5.1 KM 1 GATELØP OG BEBYGGELSEN I STRANGEHAGEN (FRÅ NR 24) OG GALGEBAKKEN


1) Alternativ med forplass (senka bebyggelse)



Figur 45. Alternativ med forplass (skjermklipp frå Arkitektgruppen Cubus b: 24).

Materialval, i form av fasade i tre, er positivt i forhold til trehusbebyggelsen i kulturmiljøet. Likeins er takvinklar med fallande retning mot gateplan. Dei fire nybyggja i rekkje er bygd saman, og tek såleis opp i seg uttrykket frå bebyggelsen på vestsida av Strangehagen, som går i eit langt strekk.

Høgda på dei 4 bygningane varierer mellom kotehøgde 33,05 og 29,05. Nabohusa på same side av gata, varierer mellom kotehøgde 36,31 og 30,20. Dei to høgaste nybygga blir på høgde med den eksisterande trehusbebyggelsen i KM 1, mens dei to lågaste vil underordne seg den eksisterande trehusbebyggelsen i større grad. Det samla volumet på nybygget er likevel relativt stort og nybygget vil bli eit merkbart innslag i kulturmiljøet.



Figur 46. Illustrasjon henta frå Arkitektgruppen Cubus b: 20.

Hagen til Strangehagen 13 blir utbygd som følgje av tiltaket. Gransking av historiske kart syner likevel at det truleg har vore bebyggelse på tomta på deler av 1700-talet, og i så måte kan ein sjå på tiltaket som ei vidareføring av denne bebyggelsen. I 2012 vart det gjort ei arkeologisk undersøking i planområdet, og det er ingenting i denne undersøkinga som syner spor etter hagebruk eller andre arkeologiske funn.

I dette forslaget er det foreslått å rive delar av muren langs Strangehagen for å utvide gata og lage eit attraktivt byrom og dermed gjere offentleg tilgjengeleg eit areal som har vore privatisert i fleire år. Det leggjast opp til gjenbruk av steinmuren i form av plantekassar, benkar og liknande (sjå figur 45). Både KM 1 og KM 2 er karakterisert med variert tre- og murhusbebyggelse langs smale gater, smitt og smau. Det smale gateløpet Strangehagen vart etablert på 1700-talet og er eit av dei eldste gateløpa i området. Det er såleis ein vesentleg del av kulturmiljøet og ei endring, som følgje av utviding, vil vere negativt for kulturmiljøet.

Samstundes fører det også til at høgda på nybygga vert senka med 1 meter, jamfør alternativ med bevart mur.

2) Alternativ med bevart mur (heva bebyggelse)



Figur 47. Alternativ med bevart mur (skjermklipp frå Arkitektgruppen Cubus b:30)

Materialval, i form av fasade i tre, er positivt i forhold til trehusbebyggelsen i kulturmiljøet. Likeins er takvinklar med fallande retning mot gateplan. Dei fire nybyggja i rekkje er bygd saman, og tek såleis opp i seg uttrykket frå bebyggelsen på vestsida av Strangehagen, som går i eit langt strekk.


Høgda på dei fire bygningane varierer mellom kotehøgde 34,05 og 30,05. Nabohusa på same side av gata, varierer mellom kotehøgde 36,31 og 30,20. Dei to høgaste bygningane vil bli noko høgare enn trehusbebyggelsen på vestsida av Strangehagen, mens dei to lågaste i større grad vil underordne seg den eksisterande bebyggelsen (sjå figur 49). Det samla volumet på nybygget er likevel relativt stort og nybygget vil bli eit merkbart innslag i kulturmiljøet.



Fasade sørvest mot Strangehagen (1:250) - Planlagt

Figur 48. Skjermklipp frå Arkitektgruppen Cubus b:17)

Fasade nordøst 1:250



Figur 49. Fasade mot nordvest og søraust, skjermklipp frå Arkitektgruppen Cubus b, vedlegg s 3).

Hagen til Strangehagen 13 blir utbygd som følgje av tiltaket. Gransking av historiske kart syner likevel at det truleg har vore bebyggelse på tomta på deler av 1700-talet, og i så måte kan ein sjå på tiltaket som ei vidareføring av denne bebyggelsen. I 2012 vart det gjort ei arkeologisk undersøking i planområdet, og det er ingen ting i denne undersøkinga som syner spor etter hagebruk eller andre arkeologiske funn.

I dette forslaget er store delar av muren langs Strangehagen bevart. Gateløpet vart etablert på 1700-talet og er ein vesentleg del av kulturmiljøet. Dette alternativet vidarefører uttrykket gateløpet har i dag, der bebyggelsen i Strangehagen 23 og Galgebakken 1 og 3 har mur framfor hagar og bygningar. Bevaring av mur fører likevel til at dei fire bygningane kjem 1 meter høgare i forhold til resten av bebyggelsen, jamfør 1) alternativ med forplass (senka bebyggelse), sjå figur 46.

5.2 KM 2 BEBYGGELSEN NORDVEST FOR VESTRE HOLDBERGSALLMENNING OG SØR FOR HAUGEVEIEN

1) Alternativ med forplass (senka bebyggesle)

Materialval, i form av fasade i tre, er positivt i forhold til trehusbebyggelsen i kulturmiljøet. Likeins er takvinklar med fallande retning mot gateplan.

Bebyggelsen i KM 2 er meir variert enn i KM 1, med fleire høge bygningar. Kulturmiljøet er såleis noko mindre sårbart i forhold til høgde og volum. Proporsjonane på nybygget er godt avstemt med eksisterande bygningsmasse i KM 2, det samla volumet gjer det likevel til eit merkbart innslag i kulturmiljøet.

Kulturmiljøet er også prega av små hageflekkar og fine uterom, samt trapper som knyt området saman. Det er positivt at det er planlagt ei vidareføring av dette i prosjektet, jamfør å opparbeide hagar og grøntareal.

2) Alternativ med bevart mur (heva bebyggelse)

Som alternativ 1) Alternativ med forplass (senka bebyggelse).

5.3 KM 3 HAUGEVEIEN


1) Alternativ med forplass (senka bebyggelse)

Tiltaket vil ikkje redusere viktige siktlinjer mot sjøen eller ha annan innverknad på Haugeveien som viktig kulturhistorisk «allé» og grøn akse.

3) Alternativ med bevart mur

Tiltaket vil i liten, eller ingen, grad, redusere viktige siktlinjer mot sjøen, eller ha annan innverknad på Haugeveien som viktig kulturhistorisk «allé» og grøn akse.

Fasader



Figur 50. Illustrasjon, taket på nybygga er markert med lys brun farge, sett frå Haugeveien. Nybygget vil i liten, eller ingen, grad redusere viktige siktlinjer mot sjøen. Det høge takt i bakgrunnen er eksisterande bygg i Strangehagen, ein murgard frå slutten av 1800-talet (henta frå Arkitektgruppen Cubus b , vedlegg s 2).

6. OVERORDNA PLANAR OG STRATEGIAR.

I kommuneplanen sin arealdel (2018) er tomta sett av til sentrumsbyggjeføremål med 4 ulike omsynssoner, mellom anna H730_Båndlegging etter lov om kulturminner og H570_2 Trehusbebyggelse frå Nordnes til Sydnes.

I Bergenhus KPD Sentrum (2001) er planområdet sett av som boligområde.

I reguleringsplan Bergenhus. Del av gnr 165. Nøstet- Verftet- Klosteret (planID7340000), ligg planområdet innanfor felt B1, som er sett av til nye bustader. Reguleringsplanen sitt hovudformål er «å bevare og videreutvikle det særegne boligområde på vestsida av Nordnes i Bergen sentrum. Vidare har planen føringar for korleis nybygg skal utformast og dokumenterast

I 2020 kom det ei ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken i Norge (Stortingmelding NR 16 2019-2020). Meldinga understreker at forvaltninga av kulturmiljø skal sjåast på i samband med- og vere ein integrert del av den øvrige klima- og miljøforvaltninga. Meldinga erstattar tidlegare målsetjingar for kulturminnepolitikk med følgjande kulturmiljøsmål:

- alle skal ha mulighet til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø
- kulturmiljø skal bidra til bærekraftig utvikling gjennom helhetlig samfunnsplanlegging
- et mangfold av kulturmiljø skal tas vare på som grunnlag for kunnskap, opplevelse og bruk

I overordna strategiar både hos Riksantikvaren og Bergen kommune er det lagt vekt på både kulturminna si rolle og sårbarheit i det «grøne skiftet». Dette handlar mellom anna fortetting og utvikling av byane som attraktive og «klimavenlege» gåbyar. Dette kjem ofte i konflikt med kulturminneverdiar og det er viktig med ein god balanse mellom intensivering av bruk av areal og bevaring av kulturmiljø (Riksantikvaren 2017:12, Byantikvaren i Bergen 2019:17).

Bergen kommune understrekar også i sin kulturminnestrategi at Bergen er ein historisk by som ikkje skal konserverast, men vere dynamisk og under utvikling. Samstundes skal det takast omsyn til høge kulturminneverdiar og byutvikling skal skje gjennom fortetting med kvalitet (Byantikvaren i Bergen 2019: 23).

I sin bystrategi skriv Riksantikvaren følgjande:

«I de viktigste historiske byrommene er det avgjørende med høy kvalitet i arkitekturen og god tilpasning til eksisterende bebyggelse. Nye bygninger som er funksjonelle, av høy kvalitet og som bidrar til gode omgivelser, vil kunne bli fremtidens bevaringsverdige kulturminner og kulturmiljøer.» (2017: 11).

7. OPPSUMMERING/ AVSLUTNING

Prosjektet legg opp til fortetting av hus veileigna for barnefamiliar, i eit område med gåavstand til alle byen sine fasilitetar. I så måte vil prosjektet vere i tråd med kulturminnestrategiar i høve til å leggje til rette for det «grøne skiftet».

Både Bergen kommune sin kulturminnestrategi og i reguleringsplanen for området: Bergenhus. Del av gnr. 165. Nøstet- Verftet- Klosteret (planID7340000), vert det lagt opp til at Bergen skal vere ein dynamisk by under utvikling. Utviklinga og fortetting skal gjerast med kvalitet og med tydeleg omsyn til kulturminneverdiar. I sin bystrategi peikar Riksantikvaren på at nybygg med gode kvalitetar kan bli framtida sine kulturminne. I denne planen er det lagt vekt på gode arkitektoniske løysingar og forma på nybygget, inkludert takform, saman med materialval i form av massivtre og naturstein, vil kunne fungere i kulturmiljøa. Prosjektet tek vidare sikte på å tilkjenne moderne arkitektur i samspel og tilpassing til den historiske bebyggelsen.

Prosjektet held seg innanfor tomtegrensene til Strangehagen 13 og endrar såleis ikkje eigedomsstrukturen i området. Nybygget blir likevel eit merkbart element i, særleg KM 1, i form av det samla volumet og ved ei eventuell utviding av gateløpet Strangehagen. Tiltaket vil ikkje påverke siktlinjer frå KM 3 eller på anna vis endre karakteren til Haugeveien.

8. REFERANSAR

Arkitektgruppen Cubus a: Stedsanalyse. Strangehagen 13. Gnr. 165 BNR. 637

Arkitektgruppen Cubus b: 21031_Strangehagen 13 Presentasjon BK_ALT B. Strangehagen 13, gnr. 165, bnr. 637.

Arkitektgruppen Cubus: Strangehagen 13- i pakt med fortiden på lag med fremtiden. Refeksjoner og svar på 4 tematiske spørsmålstillinger fra Byantikvaren.

Byantikvaren i Bergen 2020: Del 2 og 3. Kulturminneplan for Bergen 2021-2025. Identitet med særpreg. Høyringsutkast.

Byantikvaren i Bergen 2019: Kulturminneplan for Bergen. Del 1 Kulturminnestrategi 2019-2023.

Byantikvaren i Bergen 2015: Veileder kulturminnedokumentasjon. Revidert august 2015.

Byantikvaren i Bergen 1999: Kulturminnegrunnlag. Kommunedelplan Sentrum.

Dunlop, R. 2012: Notat: Resultater fra den arkeologiske forundersøkelsen på tomten Strangehagen 13.

Helle, K. 1982: *Bergen bys historie*, b 1. Alma Mater forlag.

Falk, H. og Torp, A. 1901: *Etymologisk Ordbok over det norske og det danske sprog. Kristiania*. Forlaget f H. Aschehoug&co (W. Nygaard). 1903

Ersland, G. A. 2011: *Byens konstruksjon. Varige spor i byens landskap*. Dreyers Forlag Oslo.

Moe, D. 2018: *BYENS GLEMTE HAGER. BERGEN- EN INNFALLSPORT FOR HAGEKUNST 1276-1900*. Fagbokforlaget.

Lidén, H. E og Magerøy, E. M. 1980: *Norges kirker. Bergen*. Gyllendal norsk forlag. Oslo 1980.

Riksantikvaren 2017: Riksantikvarens Bystrategi 2011lidén 7-2020

Vevatne, K. 2015: Kulturminne KU Dikkedokken. Asplan Viak.

Kjelder på nett

Askeladden: www.askeladden.ra.no

Bergen Byleksikon : <https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1424744>

Bergens kart:

<https://www.bergenskart.no/portal/apps/sites/#/bergenskart/app/7cbe7aafcc204de2b6458e82b21f112d>

Fylkesatlas: <https://www.fylkesatlas.no/>

Kart: www.1881.no,

Kommunekart: <https://kommunekart.com/>

Norges Eiendommer: <https://infoland.ambita.com/norgeseiendommer/#/basis>

Andre kjelder

Bergen Statsarkiv ved Yngve Nedrebø. Mail datert 23.02. 2021 og 08.03.2021

VEDLEGG

Vedlegg 1: Notat: Resultater fra den arkeologiske forundersøkelsen på tomten Strangehagen 13 (Dunlop 2012).